

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 40/2000
av 11. april 2000**

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område
utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert
ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske
samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 71/1999 av
2. juni 1999⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak
1999/847/EF om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for
katastrofevernebuving⁽²⁾.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid
mogleg frå 1. januar 2000 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel I

I protokoll 31 til avtala skal nytt strekpunkt i artikkel 10 nr. 8 (katastrofevernebuving)
lyde:

“- **399 D 0847:** Rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 om skiping av eit
fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuving (TEF L 327 av
21.12.1999, s. 53).”

⁽¹⁾ Enno ikkje kunngjort.

⁽²⁾ TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53.

Artikkel 2

I protokoll 31 til avtala vert det gjort følgjande endringar i artikkel 10:

1. I nr. 5, 6 og 7 vert 'felleskapshandlingsprogrammet' endra til 'felleskapshandlingsprogrammene'.
2. I nr. 7 vert 'komiteen' endra til 'komiteene'.
3. Ordet 'rettsakt' vert endra til 'rettsakter'.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. juli 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2000.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 11. april 2000.

For EØS-komiteen
Formann

F. Barbaso

Sekretærer for EØS-komiteen

G. Vik

E. Gerner

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.